

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Valnemnd
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 11.05.2017
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 04.05.2017

Idar Tarberg
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 5/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 6/17	Protokoll frå førre møte.
PS 7/17	Val til styret i interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven.
PS 8/17	Val av to styremedlemer med personlig vara til styret i Herøy frivilligsentral 2017-2018

Prenta skriv til orientering/drøfting:

PS 5/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 6/17 Protokoll frå førre møte.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LME	Arkivsaknr:	2017/554
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/17	Valnemnd	11.05.2017
53/17	Kommunestyret	11.05.2017

VAL TIL STYRET I INTERKOMMUNALT PLANSAMARBEID FOR ETABLERING AV FELLES KYSTSONEPLAN FOR KOMMUNANE HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN OG VANYLVEN.

Tilråding:

Til styret for interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven, vert valde:

Særutskrift:
Hareid kommune
Sande kommune
Ulstein kommune
Vanylven kommune
Sektor for samfunnsutvikling

Vedlegg:

- [K-sak 43/17](#).

Samandrag av saka:

Val av to representantar til styret for interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven.

Saksopplysningar:

I møte 06.04.2017 vart det gjort slikt vedtak i kommunestyret, K-sak 43/17:

«Herøy kommunestyre vedtek å starte opp interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune.

Organisering av planarbeidet vert som skissert i saksutgreiinga med felles styre der kommunane har to representantar kvar.

Styret får herved delegert mynde til å gjennomføre planarbeidet i tråd med plan- og bygningslova sine reglar, herunder utarbeiding av planprogram, stadfesting av planprogram, opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, vedta og opprette utval eller innhente konsulentbistand og vedta korleis kommunikasjonen mellom *Styret* og kommunestyra skal vere.

Kommunestyret beheld mynde til å vedta oppstart jf. pbl § 11-12, vedta høyring av planforslag jf. pbl § 11-14 og vedtak av plan jf. pbl § 11-15.

Herøy kommune skal vere vertskommune for prosjektet og det er forutsett at prosjektleiar skal ha kontor på Runde miljøsenter.

Kostnaden med planarbeidet er pr. kommune stipulert til 144 000 kroner og vert finansiert ved bruk av driftsfond slik :

19400/50*/301 – opp kr 144.000,-

13700/50*/301 – opp kr 144.000,-

Fosnavåg, 27.04.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Lisbeth Moltu Espeseth



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr
2015/1770

Arkiv
P11

Dykkar ref
«REF»

Avd /sakshandsamar
DOK / LME

Dato
07.04.2017

K-SAK 43/17: INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YTRE SØRE SUNNMØRE - OPPSTART AV PLANARBEID

Vedlagt følger:

- K-sak 43/17.

«Herøy kommunestyre har den 06.04.2017 gjort slikt vedtak i saka:

«Herøy kommunestyre vedtek å starte opp interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsonoplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune.

Organisering av planarbeidet vert som skissert i saksutgreiinga med felles styre der kommunane har to representantar kvar.

Styret får herved delegert mynde til å gjennomføre planarbeidet i tråd med plan- og bygningslova sine reglar, herunder utarbeiding av planprogram, stadfesting av planprogram, opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, vedta og opprette utval eller innhente konsulentbistand og vedta korleis kommunikasjonen mellom Styret og kommunestyra skal vere.

Kommunestyret beheld mynde til å vedta oppstart jf. pbl § 11-12, vedta høyring av planforslag jf. pbl § 11-14 og vedtak av plan jf. pbl § 11-15

Herøy kommune skal vere vertskommune for prosjektet og det er forutsett at prosjektleiar skal ha kontor på Runde miljøsender

Kostnaden med planarbeidet er pr. kommune stipulert til 144 000 kroner og vert finansiert ved bruk av driftsfond slik :

19400/50*/301 – opp kr 144.000,-

13700/50*/301 – opp kr 144.000,-

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi:
Valnemnda



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/1770
		Arkiv:	P11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
55/17	Formannskapet	28.03.2017
43/17	Kommunestyret	06.04.2017

INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YTRE SØRE SUNNMØRE - OPPSTART AV PLANARBEID

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek å starte opp interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystzoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune.

Organisering av planarbeidet vert som skissert i saksutgreiinga med felles styre der kommunane har to representantar kvar.

Styret får herved delegert mynde til å gjennomføre planarbeidet i tråd med plan- og bygningslova sine reglar, herunder utarbeiding av planprogram, stadfesting av planprogram, opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, vedta og opprette utval eller innhente konsulentbistand og vedta korleis kommunikasjonen mellom Styret og kommunestyra skal vere.

Kommunestyret beheld mynde til å vedta oppstart jf. pbl § 11-12, vedta høyring av planforslag jf. pbl § 11-14 og vedtak av plan jf. pbl § 11-15

Herøy kommune skal vere vertskommune for prosjektet og det er forutsett at prosjektleiar skal ha kontor på Runde miljøsenter

Kostnaden med planarbeidet er pr. kommune stipulert til 144 000 kroner og vert finansiert ved bruk av driftsfond slik :

19400/50*/301 – opp kr 144.000,-
13700/50*/301 – opp kr 144.000,-

Møtebehandling i formannskapet – 28.03.2017:

Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 28.03.2017

Herøy kommunestyre vedtek å starte opp interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune.

Organisering av planarbeidet vert som skissert i saksutgreiinga med felles styre der kommunane har to representantar kvar.

Styret får herved delegert mynde til å gjennomføre planarbeidet i tråd med plan- og bygningslova sine reglar, herunder utarbeiding av planprogram, stadfesting av planprogram, opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, vedta og opprette utval eller innhente konsulentbistand og vedta korleis kommunikasjonen mellom *Styret* og kommunestyra skal vere.

Kommunestyret beheld mynde til å vedta oppstart jf. pbl § 11-12, vedta høyring av planforslag jf. pbl § 11-14 og vedtak av plan jf. pbl § 11-15

Herøy kommune skal vere vertskommune for prosjektet og det er forutsett at prosjektleiar skal ha kontor på Runde miljøsenter

Kostnaden med planarbeidet er pr. kommune stipulert til 144 000 kroner og vert finansiert ved bruk av driftsfond slik :

19400/50*/301 – opp kr 144.000,-
13700/50*/301 – opp kr 144.000,-

Møtebehandling i kommunestyret – 06.04.2017:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 06.04.2017

Herøy kommunestyre vedtek å starte opp interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune.

Organisering av planarbeidet vert som skissert i saksutgreiinga med felles styre der kommunane har to representantar kvar.

Styret får herved delegert mynde til å gjennomføre planarbeidet i tråd med plan- og bygningslova sine reglar, herunder utarbeiding av planprogram, stadfesting av planprogram, opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, vedta og opprette utval eller innhente konsulentbistand og vedta korleis kommunikasjonen mellom *Styret* og kommunestyra skal vere.

Kommunestyret beheld mynde til å vedta oppstart jf. pbl § 11-12, vedta høyring av planforslag jf. pbl § 11-14 og vedtak av plan jf. pbl § 11-15

Herøy kommune skal vere vertskommune for prosjektet og det er forutsett at prosjektleiar skal ha kontor på Runde miljøsenter

Kostnaden med planarbeidet er pr. kommune stipulert til 144 000 kroner og vert finansiert ved bruk av driftsfond slik :

19400/50*/301 – opp kr 144.000,-

13700/50*/301 – opp kr 144.000,-

Særutskrift:

Sande kommune

Ulstein kommune

Hareid kommune

Vanylven kommune

Møre og Romsdal Fylke

Valnemnda i Herøy kommune

Saksopplysningar:

Søre Sunnmøre skal vere ein attraktiv stad å drive marin næringsutvikling og felles interkommunal marin næringssatsing skal bidra til å sikre nettopp dette. Fem kommunar har gått saman for å danne eit fundament og grunnlag for at våre nære kystområder vert vurdert som attraktive å etablere seg i. Koordinering, bruk, forvaltning og forskning i desse "felles" områda står sentralt i det vidare arbeidet mot ein felles interkommunal kystsoneplan.

Bakgrunn

Marine grunnkart

Det vart i mai 2014 inngått avtale mellom fem kommunar og NGU (Norges Geologiske Undersøkelser) om å gjennomføre oppmålingar og prøvetaking for å lage marine grunnkart. Grunnkart og sedimentkart vart ferdigstilt frå NGU i mai 2016. Karta har 1*1 meter oppløysing, noko som gir svært stor detaljrikdom. Søre Sunnmøre er det einaste området i landet der Forsvaret har gitt løyve til å bruke så høg oppløysing. Desse karta er no tilgjengelige og kan lastast ned av både kommunar og privatpersonar.

Høgoppløyslege marine grunnkart er framtidas verkty for kystsoneplanlegging. Slike kart vil vere grunnleggande for effektiv utnytting og vern av sjøområda våre og vil vere til stor nytte for offentlege etatar, forskning, nærings- og friluftsliv.

Grøn laser

Å lage gode kart for gruntvassområda er tidkrevjande og vanskelig å gjennomføre i praksis. Derfor manglar ein ofte detaljkunnskap om botnforholda i desse områda. For å få til effektiv kartlegging har Kartverket i samarbeid med kommunane sett i gang eit prosjekt der ein skal kartlegge fjøre og gruntvassområda i regionen med LIDAR laser frå fly. Prosjektet er starta opp og flymålingane startar i løpet av våren 2017. Når dette arbeidet er ferdig vil kartverket lage saumlause kart for sjø og land areala. Ein vil med andre ord kunne presentere høgoppløyslege topografiske kart for sjø, land og fjøresona i same plattform .

Høgdemodell- felles referanseramme

På bakgrunn av prosjekta Marine grunnkart og Grøn laser har Statens kartverk starta opp eit arbeid for eit felles referansesystem for landhøgder og sjødybder i vårt område. Bakgrunnen for dette arbeidet er at samanhengen mellom høgder på land og djup i sjø er i dag ikkje godt nok definert.

Andre prosjekt

I tillegg til dei opplista prosjekta er der ei rekkje andre større og mindre utgreiingsarbeid og samarbeid som har fått sin oppstart på bakgrunn av det felles

interkommunale pilotprosjektet Marine grunnkart. Den felles nettsida Møre Pilot (morepilot.no, pilotmore.no) samlar informasjonen om dei ulike prosjekta.

Marin næringsanalyse

Kommunane har som eit ledd etter at Marine grunnkartprosjektet vart ferdigstilt gått vidare med å etablere ei felles marin næringsanalyse.

Målet er at kommunar, næringsliv og forskingsmiljø i fellesskap skal utforske og utvikle idear som kan skape nye arbeidsplassar. Denne utviklinga av idéar vil avdekke arealbehov både på sjø og på land som igjen vil gi viktige innspel for kystsoneplanlegginga. Kommunane ser det derfor som ei interkommunal oppgåve å vere med på å legge forholda til rette for ny næringsutvikling. Ein vil bringe inn nasjonal og internasjonal FOU kompetanse og kople denne opp mot næringslivet i regionen. Kommunane si felles kompetanse på GIS og planlegging skal koplast mot det mangfaldige marine og maritime næringslivet i regionen.

Kystsoneplan

Kommunane har gjennom tidlegare vedtak signalisert at ein ynskjer å gå saman om å få etablert ein felles interkommunal kystsoneplan. Denne saka vert lagt fram for kommunestyra for å gjere den formelle oppstarten av dette interkommunale planarbeidet.

Herøy kommune har på vegne av kommunane i dette felles prosjektet søkt om støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Prosjektet har fått innvilga 600 000 kroner til dette arbeidet som er tenkt skal gå over to år.

Kostnadsramme for kystsoneplan-arbeidet er vurdert til å ligge på 1 320 000 kroner (over 2 år). Planarbeidet er tenkt finansiert over 2 år med 720 000 kroner i kommunalt tilskot og 600 000 kroner i fylkeskommunalt tilskot.

Hovudpostar:

Diverse	30 000
Formidling	40 000
Lønn prosjektkoordinator (50 % over to år)	1 150 000
Reiser, møter og arrangement	100 000
Sum	1 320 000

Finansiering er slik:

Hareid kommune	144 000
Herøy kommune	144 000
Ulstein kommune	144 000
Sande kommune	144 000
Vanylven kommune	144 000
Møre og Romsdal fylke	600 000
Sum	1 320 000

Kommunen sine kostnadar vert fordelt over 2 år.

Kystsoneplanen må vere ein heilskapleg plan for sjøareala med like krav og bestemmelsar for dei involverte kommunane. Utvikling og forvaltning av kyststripa på søre sunnmøre står sentralt i planarbeidet og ein har ei brei tilnærming til planarbeidet. Detaljer kva planen skal innehalde og kva undersøkelser som skal gjennomførast er ikkje fastsatt på det noverande tidspunkt.

Aukande ferdsel og friluftsliv og næringsaktivitet i strandsona og langs kysten fører til auka behov for planlegging. Fiskeoppdrett, energiproduksjon, fritidseigedomar, vegar, bruer, kloakkleidningar osv. fører til press for å ta i bruk areal som kan vere viktige gyteområde for fisk, oppvekstområde for t.d. hummar, fiskeplassar, skjelsandbøter, farleier, friluftsområde, badestrender, selkoloniar, fuglefredingsområde, osv.

Kommunal og moderniseringsdepartementet har sett i gong arbeid med å utvikle rettleiing for heilskapleg arealplanlegging i kystnære område. Departementet publiserte ein rapport om utfordringar for arealplanlegging i kystnære område i april 2015 (Norconsult 2015). Rapporten dreg fram eit rekkje utfordringar. Dei mest grunnleggjande utfordringane er mangel på gode kartdata og god informasjon om næringsverksemd og miljø. Ei av kommunane som er brukt som eksempel er Herøy Kommune.

Kommunane er opptatt av å få ta del i erfaringar som andre har innanfor planområdet. Ein vil derfor ta initiativ til å invitere fagmiljø som har utarbeidd sjøområdeplanar i fylket for å ta del i deira sine erfaringar.

Interkommunal plansamarbeid

Plan- og bygningslova kap. 9 styrer reglane for gjennomføring av interkommunalt plansamarbeid

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-3-3#KAPITTEL_2-3-3

Kap. 9 gir stort rom for kommunene å organisere eit interkommunalt samarbeid og kapitlet gir også gode «svar» på eventuell usemje mellom partane slik at arbeidet ikkje køyrer seg fast. Kravet om at planarbeidet skal leiast av eit eige styre kan ikkje fråvikast og styret skal bestå av like mange representantar frå kvar kommune. Sjølv planvedtaka er heimla i plan- og bygningslova kap. 11 og skal treffast av den enkelte kommune.

Det interkommunale samarbeidet i henhold til plan- og bygningslova kapittel 9 omfattar altså ikkje sjølv planvedtaka. Det er begrensa til «planprosessen». I praksis: Det blir ikkje vedteke *én interkommunal plan*. Kvar kommunestyre vedtek sin plan. Meninga er at kvar enkelte kommunale plan skal utgjere sin del i ein større interkommunal plan.

Kommunene kan trekke seg ut av samarbeidet med tre månaders varsel, men departementet kan også gi pålegg om at samarbeidet skal fortsette.


Styret:

- Styret har i utgangspunktet ikkje mynde til å treffe avgjersler om planprosessene, det vil krevje særskilt delegasjonsvedtak jf.PBL. § 9-3 andre ledd.
- Styret kan td. gjevast mynde til å vedta planprogram, herunder opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, og korleis høringane av planprogram og planforslag skal gjennomførast, vedta å opprette utval eller innhente konsulentbistand, og vedta korleis kommunikasjonen mellom styret og det enkelte kommunestyret skal være undervegs.
- Ein kan tenke seg at statlege og regionale myndigheiter deltek i styret for interkommunalt samarbeid. Det vil være i tråd med kravet om at statlege og regionale myndigheiter som vert berørt har rett og plikt til å delta i planlegginga.

Prosess

- ✓ Vedtak i alle Kommunestyra: Intensjonsvedtak, oppstart av arbeid med interkommunal kystsoneplan
 - Delegering av mynde til *Styret* – PBL § 9-3
 - Fastsetting av vertskommune for prosjektet
- ✓ Vedtak i alle Kommunestyra: Oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn – PBL § 11-12 og § 11-13
 - Planprogram utarbeidast i tråd med krava i PBL § 4-1
 - Organisering: heimla i PBL§ 9-2
- ✓ Vedtak i *Styret*: Stadfesting av planprogram – PBL § 11-13
- ✓ Vedtak i *Styret*: Delegering av mynde/ansvar til prosjektleiar
- ✓ Vedtak i alle Kommunestyra: Høyring av planforslag – PBL § 11-14
- ✓ Vedtak i alle Kommunestyra: Vedtak av interkommunal plan – PBL § 11-15

Utkast til organisering:



Vurdering:

Dei felles interkommunale prosjekta knytt til «havromet» har vore ein suksess der samarbeidet mellom kommunane vert dratt fram og peikt på som av grunnpilarane for at ein har lukkast. Kommunane og Runde miljøsenter har fått mykje positiv merksemd med sine Marine grunnkart og ein får stadig henvendelsar om dette samarbeidsprosjektet langt utover Møre og Romsdal sine grenser.

Rådmannen støttar styringsgruppa som utarbeidar felles interkommunal næringsanalyse og rår kommunestyret til å gjere ein formell oppstart av utarbeiding av ein felles interkommunal kystsoneplan. Planen skal vere bygd på kommunane sine felles utfordringar og muligheiter og bidra til at Søre sunnmøre forsterkar sin posisjon som ein attraktiv stad å drive marin næringsutvikling i. Vedtak av utlegging av planprogram og delegasjon til styret i planprosessen vet å kome attende til i seinare sak.

Ein vurderer det vidare som tenleg og viktig for prosjektet at det vert gjennomført i eigen regi gjennom ein vertskommunemodell. Vertskommuna tilsetjer og organiserer arbeidet gjennom ein prosjektkoordinator (planleggar) i 50 % stilling over 2 år. Prosjektkoordinator er ein planleggar som utarbeider og koordinerer heile det interkommunale planarbeidet. Herøy kommune har søkt om prosjektmidlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, midlane er innvilga, og ein rår til at Herøy kommune vert vertskommune for arbeidet. Prosjektkoordinator (planleggar) rapporterer til sektor for samfunnsutvikling ved kommunalsjef i Herøy kommune og vidare til Styret i det interkommunale plansamarbeidet.

Samarbeidet med Runde miljøsenter har vore viktig for å få dei resultat som ein ser no i etterkant av tidlegare felles prosjekt. Kompetansearbeidsplassane som er lokalisert ved Runde miljøsenter er sentrale og viktige for eit godt resultat i det komande felles interkommunale plansamarbeidet. Ein rår derfor til at prosjektkoordinator (planleggar) får kontorplass i dette fagmiljøet.


Rådmannen rår kommunestyret til å starte opp interkommunalt planarbeid for ein felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven med den organisering og finansiering det går fram av saksframlegget.

Fosnavåg, 06.03.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2017/639
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Valnemnd	11.05.2017
54/17	Kommunestyret	11.05.2017

VAL AV TO STYREMEDLEMER MED PERSONLIG VARA TIL STYRET I HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2017-2018

Tilråding:

Til styret i Herøy frivilligsentral for perioden 2017-2018 vert valde:

Styremedlem:

Personleg vara:

Særutskrift:
Dei valde
Herøy frivilligsentral
Kulturleiar

Vedlegg:**2016 Årsmelding Herøy frivilligsentral****Samandrag av saka:****Saksopplysningar:**

Styret for sentralen skal ha 5 valde medlemmer. 1 medlem valt frå kommunestyret og 4 medlemmer valt frå lag og organisasjonar etter innstilling frå styret i frivilligsentralen. Styret, inkl. leiar, vert vald for 2 år om gongen. Medlem valt frå kommunestyret fylgjer den politiske valperiode på 4 år.

Styret konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

Dagleg leiar er sekretær på styremøta, og har tale- og forslagsrett.

Kulturleiaren har møte og talerett.

Det skal sendast ut innkalling og referat frå styremøta.

Gudbjørg Nørvåg Dale (Herøy Sanitetsforening) og Karl-Anders Brendmo (Herøy Kyrkje) står på val.

Styret innstiller fyljande for to år:

- Styremedlem: Sylvi Lillebø, Herøy Sanitetsforening, med Trine Myklebust som personleg vara.
- Styremedlem: Karl-Anders Brendmo, Herøy Kyrkje, med Dag Johan Flattun som personleg vara.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at innstillinga frå styret vert fylgt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen kjende.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen kjende.

Fosnavåg, 28.04.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef, safunnsutvikling

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Årsmelding Herøy Frivilligsentral 2016.

Tenester og oppgåver i avdelinga

Frivilligsentralen i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommuna.

Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiløet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubryggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

Økonomi: Tilskot Kulturdepartementet 310 000,- Tilskot frå Tryg til drift av Natteravntenesta 5000,- Gåver Marine Harvest 4620 ,- Rekneskapen syner eit overskot på kr. 46 404,19	
Organisasjon:	
Eigar:	Herøy kommune Kulturavdelinga, Eileen Gjerde.
Styret:	Styreleiar: Sigurd V. Nygard, vara Kurt Dalhstrøm (Politisk valt) Nestleiar: Karl Anders Brendmo, vara Karine Sæter (Kyrkja) Styremedlem: Terje Krogset, vara Elsi Hagen (Ytre Herøy pensjonistforening) Styremedlem: Gudbjørg Nørvåg Dale, vara Åshild Ørnhaug. (Sanitetsforeninga) Styremedlem: Magne Nærø, Kurt Are Skarbø. (Frivillige)
Dagleg leiar:	100 % stilling, Britt Paulsen.
Møter/kurs/konferansar:	Styremøter: 3 møter der det er handsama 16 saker. Årsmøte: kommunestyret 27.10 val av to nye styremedlemmer, kommunestyret 15.12 godkjenning av årsmelding og årsrekneskap. Arbeidsgruppe julefest: 3, natteravn: 3, kulturgruppe: 2 gongar pr månad, statusmøter: 2 gongar pr månad, NAV 2, nettverksamling 3, TV aksjon: 3, fosnavågreven: 3, møter i forbindelse med flytting til kulturhuset 3, arbeidsgruppe den kulturelle spaserstokk: 3, livsglede for eldre HVS 1, flyktingtenesten 1. Vi har også delteke på: regionskonferanse, fagdag fagforbundet og frivilligkonferanse i regi av KS, jubileumsfest til Herøy sanitetsforening, samarbeidsmøte med servicetorget, prosjektgruppe for strategisk næringsplan.
Tenester:	
Frivillige lag og organisasjonar	• Utlån av lokalet: LEVE, Barnas turlag, Personskadeforeninga, Herøy kameraklubb, Herøy videoklubb, Herøy senioruniversitet, NFU, Fosnavåg Rock, Herøy videoklubb, Herøy Arbeiderparti og Handykapforbundet. • Liste over lag og organisasjonar: vert oppdatert fortløpande. Påminning sendast ut nokre gongar pr. år. Lista ligg tilgjengeleg på heimesidene til

	kommunen og Frivilligsentralen. • Hjelper til med rekruttering av medlemmar. • Påminning og tips via epost, nettside og facebook om kvar, korleis og frist for å søkje tilskot eller prosjektmidler. • Frivilligprisen, vi fekk inn 9 forslag, etter avstemming fekk Alette Teige prisen og den vart delt ut under eit arrangement i Herøy kyrkje 15.februar 2017.
Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og førebyggjande folkehelse.	• Tjukkasgjengen har tur 3 dagar pr veke. • Internasjonal julefest i Herøy kyrkje 9.januar. • Strikkekafe` kvar torsdag på dagtid. På kveldstid fire gongar. Samarbeid med Fosnavåg kino om strikke kino. • Eldrebølgen, Dette er eit trivselstiltak for eldre både på institusjonane og heimebuande. Pensjonistlaga, LHL og Frivilligsentralen samarbeider om dette. Vi går tur i nabolaget når det er ver til å vere ute elles enkel trim innandørs. LHL Søre Sunnmøre og Ytre Herøy pensjonistforening har ansvar for trimmen innendørs på begge omsorgssentera. • Revygruppe, hadde første framsyning 8.april. Dagleg leiar er sekretær for styret fram til årsmøtet i mai, gruppa er no sjølvstendig. • TV Aksjon, gjekk i år til Røde kors, ordførar er leiar av aksjonen, dagleg leiar koordinerer rodeleiarar og bøssebærarar. Vi hadde full bøssebærardekning og resultatet syner 56,56 i snitt pr innbyggjar. • Den kulturelle spaserstokken, dagleg leiar er kontaktperson i kommunen. Arbeidsgruppe består av kulturkontakter på omsorgssentera og frivilligsentralen. 16 arrangement har vi avvikla, pluss aktivitetsdag på Herøy omsorgssenter og dagkino «Kongens nei». DKS har også bidrege til profesjonelle innslag på eldrerådes eldrefest og til katalogen i høve jubileet til Stokksund kyrkje. • «Alle til topps» ilag med 11 andre frivilligsentralar på Sunnmøre gjekk dette arrangementet av stabelen 29.mai. I Herøy hadde vi fokus på inkludering i samarbeid med Myrvåg omsorgssenter, handikapforbundet og NFU fekk vi bra deltaking også av røyslehemma. I Myrvåg var det Tjørvåg idrettslag som organiserte arrangementet, medan på Heid var det frivilligsentralen ilag med handikapforbundet som sto for organiseringa.
Hjelpetenester	• Middagsombringning har vi to dagar pr veke. Vi køyrer 2 ulike ruter kvar gong. Det har vorte levert ut ca 2000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca 20% stilling. Det er ei fast kjerne på 10 personar som køyrer etter oppsett turnus. Dei som køyrer får køyregodtgjering og vi arrangerer «sjåførkaffi» ein gong pr månad. Brukarar må ha vedtak frå pleie og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg. 4

	nye frivillige har meldt seg til denne tenesta i 2016, vi er no godt hjelpte. • Høyrsehjelp, personar frå høyrseforbundet kjem to gongar pr månad og hjelper dei som treng det med høyreapparat og rådgjeving. Omlag 60 personar har vore innom og fått hjelp av likepersonane. Sal av batteri er også ei teneste frivilligsentralen yter utanom høyrsehjelpa. • Natteravnar, har eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre som skal vere natteravn, fortrinnsvis fredagar i forbindelse med ungdomsklubbane. Dei har også ragna på festivalar og i russetida både i Herøy og nabokommunene. Informasjonsmøter om rus på Herøy kulturhus: I samarbeid med ungdomskulane, MOT, FAU og Politiet arrangerte ein to møter, eit for alle ungdomskuleelevar og tilsette på dagtid, og eit for føresette og andre interesserte på kveldstid. Tilsaman deltok ca 400 på desse møta.
Samarbeidspartar	• Frivillige lag og organisasjonar, • Kulturavdelinga. • Frivilligsentralar i nabokommuner. • Herøy kyrkje. • Herøy frikyrkje. • Flyktningteneste. • Internasjonal skule. • Natteravnar: ungdomsarbeidar, FAU, MOT, Ytre Herøy ungdomskule, Stokksund skule, Møre skule, Politiet. • Pleie -og omsorgsavdelinga. • NAV flyktning og Internasjonal skule. • Bulystprosjektet.
Marknadsføring	Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler, Herøynytt, Servicekontoret, facebook, heimesider: frivilligheroy.no og heroy.kommune.no, plakatar og oppslag, flyers, epost, sms, «jungeltelegraf» og fornøgde brukarar. Vi har i tillegg kjøpt inn ein infoskjerm som er montert på Internasjonal skule, der høvelege aktiviteter og tilbod frå heile kommunen vert markedsført.
Hovedutfordringar/prioritering 2017. • Arbeide for å få eit betre samarbeid med andre avdelingar i kommunen. • Flytte i nye lokalet på Herøy kulturhus og finne oss til rette der. • Skape nye og oppretthalde aktivitetar med fokus på bulyst, inkludering og førebyggjande folkehelse. • Bli endå betre på godt samarbeid med lag og organisasjonar.	

Fosnavåg 17.03.2017



-Sigurd Nygard, styreleiar-



-Karl Anders Brendmo-



-Magne Nærø-



-Britt Paulsen, dagleg leiar-



-Åshild Ørnhaug-



-Terje Krogset-